



Møre og Romsdal fylke



Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	29.03.2006	FM: 2006/1375/LIOP/631.0	Liv Marie Opstad, 71258822	08.05.2006

Oppsummering av høyringa frå Møre og Romsdal - Ny del II til Læreplanverket for Kunnskapsløftet


Vi viser til høyringsbrev av 07.03.06 og til brev om oppsummering av høyringa, datert 29.03.06.

Frå Møre og Romsdal er det innan fristen kome inn berre eit høyringssvar – frå fylket som skoleeigar.


Ingen av grunnskolane/kommunane har uttalt seg, noko vi tar som eit teikn på at det stort sett er semje om den nye del II til Læreplanverket for Kunnskapsløftet.

Utdanningsavdelinga har heller ingen spesielle merknader til høyringsutkastet, men støtter framlegget til prinsipp og rammer for opplæringa slik det ligg føre.

Med helsing



Kjell Saltnes
ass. utdanningsdirektør



Liv Marie Opstad
rådgivar

Vedlegg: 1 høyringssvar frå M&R fylke

MØRE OG ROMSDAL FYLKE	
Mottatt:	02 MAI 2006
J.nr.	FM0611375 dok. 3
Ark.	631.0
Saksb.	L10P
Sek.	



Møre og Romsdal fylke



Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset

6404 Molde

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		MR 7878/2006/	Elvind Hasle, 71 25 87 86	26.04.2006

Ny del II til Læreplanverket for Kunnskapsløftet - Høyring

Vi viser til brev frå Kunnskapsdepartementet av 07 03 06 med "Ny del II til Læreplanverket for Kunnskapsløftet - Invitasjon til høyring av utkast til Prinsipper for opplæringa", med høyringsfrist 29. april 2006. I tråd med invitasjonsbrevet sender vidaregåande opplæring sine merknader gjennom Fylkesmannen.

På grunn av sjukdom og påskeferie har vi ikkje fått behandla utkastet politisk så grundig som ønskeleg, og neste møte i Utdanningsutvalet er ikkje før 11 05 06. Vi veljer derfor å kommentere dokumentet administrativt, med kopi til Utdanningsutvalet. Den nye del II til Læreplanverket har elles vore godt informert om i media og ut mot utdanningssystemet, så innhaldet skulle vere bra kjent.

Vi merkar oss at dokumentet slår fast at læreplanverket for Kunnskapsløftet består av 3 delar :

- Generell del (Del I) - frå 1993 (statsråd Gudmund Hernes si tid)
- Prinsipper og rammer for opplæringa (Del II), - inklusive Læringsplakaten, som først vart laga av statsråd Kristin Clemet, og no blir foreslått justert
- Læreplaner for fag (Del III) - der rammer og retningslinjer vart lagt under statsråd Kristin Clemet, og arbeidet no vidareført under statsråd Øystein Djupedal.

Vi ser det som eit stort pluss at det synest vere stor politisk semje om læreplanverket, og føler at den utforminga som er gjort av del II er ei god konkretisering og logisk vidareføring av styringsdokumenta frå den førre regjeringa. Vi ser det som nyttig med dei tilvisingane som er gjort i Læringsplakaten til dei mest aktuelle paragrafane i Opplæringslova og forskriftsverket, t.d. til Opplæringslovas § 9a.

Det blir viktig i arbeidet med realisering av læreplanverket at det blir utvikla fleire gode tiltak og verktøy. Møre og Romsdal fylke vil t.d. som ein kommentar til avsnittet om "Sosial og kulturell kompetanse" understreke for viktig arbeidet med den kulturelle skolesekken er. I tilknytning til den store vektleggjinga av heilskap og samanheng i det 13-årige opplæringsløpet, må det snarast råd bli sjølvstøtt at satsing på den kulturelle skolesekken også skal omfatte vidaregåande opplæring.

Vi har stadig store utfordringar å arbeide med i vidareutviklinga av kvaliteten i grunnpoplæringa - men vi ser utkastet til ny del II til Læreplanverket som eit godt utgangspunkt som vi ikkje har konkrete merknader til.

Med helsing

Per Hoem
fylkesutdanningsdirektør

Alv Walgermo
Utdanningsdirektør